



Bygda har overtatt Bruviks nerve

I spissen av nysatsinga står to energiske og entusiastiske kvinner som blør for nærbutikken. – Bruvik skal ha ein butikk, seier den ferske butikksjefen, Veronica Hernar (29).


**Anders Totland**

92 83 31 83

– Eg har myyyykje å lære, kjem det frå Hernar, som berre i få dagar har kunna titulert seg som butikksjef i Snarkjøp Bruvik – det relativt nye namnet på nærbutikken på Bruvik.

Like ved står mentor og tidlegare kjøpmann – gjennom mange år – Jan Konrad Hesjedal og smiler.

ANNONSØRINNHold



Historisk familiebedrift blir Bravida:

- Vi er fortsatt den samme lokale partneren kundene våre stoler på!

I nevane held han mobiltelefonen og viser noko til den ferske leiaren.



Det er mykje ein må lære

Mange nok har sett henne bak disken til Link Brands på Øyrane torg.

I om lag sju år jobba Hernar i klesbutikken.

No har småbarnsmora frå Votlo flytta til Bruvik – og har funne kjærleiken med ein lokal kar, fått to herlege ungar og vil vere med på å syte for at bygda har ei livsnerve i sentrum.

– Bruvik skal ha butikk. Det er utruleg viktig. Eg vil at ungane skal ha ein nærbutikk å springe til når ein vil kjøpe is, brus eller bollar, smiler 29-åringen.

Hesjedal nikkar nøgd. No kan han endeleg hente fram bubilen, dra på ferie eller berre slappe av i godstolen.



KIWI mini pris

> SE FLERE
PRODUKTER HER!

BILLIG PARTIVARE!

79⁰⁰



1,26 kg

KARBONADER
1,26 kg, Gilde, pr. kg 62,70

LES ÒG:



Jan Konrad må slutte før det er for seint



I mange år har Jan Konrad via sjela si til nærbutikken på Bruvik. No har bygda og nye krefter i butikken tatt over stafettspinnen. – Utruleg herleg å sjå entusiasmen frå kvinnene. **FOTO:** ANDERS TOTLAND (ARKIV)

– Men, eg ser du framleis er på jobb, Jan Konrad.

Han humrar.

– Ja, eg er vel her først og fremst som ein mentor. Det er mykje ein må lære vekk – som bestillingar, skjema, kome inn i rutinar og andre viktige syslar ein må gjere når ein driv butikk.



Hesjedal og co. opna ny, heildigital nærbutikk januar 2022. No heiter butikken Snarkjøp og er eigd av heile bygda.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



Skal stå på for at butikken skal overleve

Hernar er heilt ny i «nærbutikk-gamet».

– Eg byrja måndag, så alt er ferskt. Det er skremmande, men også veldig spennande. Eg trivst godt med å ha ansvar, men ja, det er enormt mykje å setje seg inn i, påpeikar ho.

Butikken har ikkje berre byta namn til Snarkjøp. No har også godt over 100 aksjonærar tatt over på eigarsida.

Geir Vassdal er ny styreleiar, medan Hernar er butikksjef.



I Krambuæ, som ligg vegg i vegg med butikken, har duoen planar. – Me vil jo at Krambuæ skal vere ein plass kor folket kan kome inn og setje seg ned. Ein kan arrangere møte, turistar kan vaske klede eller berre ha ein plass å vere, seier Hernar.



Det er også eit lite museum i Krambuæ.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

GRATIS PIZZA • KONKURRANSER • TEST BILFAGET!

VELG BILFAG!
EVENT

TORSDAG
13. FEBRUAR
17.00 - 19.30

Bilservice AS Notodden
Semsvegen 39, 3676 Notodden

An illustration of a car with several people working on it, symbolizing car repair or maintenance. The car is orange and white, and the people are wearing blue and white uniforms. The background is a solid blue color.



Butikken, er saman med Knausatun, sjølve samlingspunktet på Bruvik.



Den trygge, gode nærbutikken.



Også for våre firbeinte pelsklingar.

ANNONSE

SHOPPINGGUIDEN



Vet du din kredittscore? Sjekk her!

Jannicke G. Børtveit har vore tilsett i butikken i rundt to år, og er med vidare på reisa.

Også ho er temmeleg ny i bygda, har fått barn og sagt farvel til transportbransjen kor ho jobba før.

– Eg er heilt einig med Veronica. Bruvik skal ha butikk, og me skal stå på for at butikken skal leve vidare.

LES ÒG:



Opna heildigital og døgnopen butikk på Bruvik: – No er det ingen veg tilbake



– Me vil ikkje gjere for store endringar, men samstundes har me eit mål å utvikle butikken, seier Hernar.

– Ja, for det er ikkje alltid like lett. Ein må jo tene pengar også.

Hernar nikkar.

– Difor må me jobbe hardt. Lytte til kundane våre – gi den ekstra servicen dei fortener. I tillegg må me vere meir synlege for bygdefolket og dei tilreisande. Det vil krevje masse av oss, men me tar utfordringa, strekar leiaren under og held fram:

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN

An advertisement for the Polestar 4. It features a video player showing a white Polestar 4 driving on a winding road through a landscape with hills and a body of water. Below the video player is the Polestar logo, the text "Polestar 4", "Opptil 620 km", "Fra kr 549 900*", and a link "Prøvekjør nå →". At the bottom, there is a small disclaimer: "*WLTP: 17,8 - 21,7 kWh/100km og CO2: 0g/km. Fra pris oppgitt med Polestar 4 LRSM".

Polestar 4
Opptil 620 km
Fra kr 549 900*

Prøvekjør nå →

*WLTP: 17,8 - 21,7 kWh/100km og CO2: 0g/km. Fra pris oppgitt med Polestar 4 LRSM

– Vidare har me eit ønske om å inngå fleire samarbeid med lokale produsentar for å kunne tilby lokalmat frå Osterøy.



Butikksjefen veit at ho må jobbe hardt for å halde liv i nerven. – Men, me er motiverte og klare for oppgåva, seier 29-åringen frå Votlo.

– Viktig for bygda

Ved kassa står 93-åringen Ingrid Høylo frå Olsnes og skannar saumlaust sine varer.

– Det er utruleg flott at nokon har overtatt butikken. Den er særst viktig for alle som bur her ute. No berre håpar eg at alle nyttar tilbodet meir, seier Høylo, som kvar fredag er med dottera på handletur til Bruvik.



Ingrid Høylo er kvar fredag i butikken og handlar. Men, om ho ikkje greier det, får ho varer levert heim til seg på Olsnes. – Den tenesta er viktig for oss litt eldre i bygda som ikkje alltid kan kome seg ut, fortel den spreke 93-åringen.

Sjølvs har Høylo også jobba i Bruvik handelslag, som opna sine dører i 1921 og heldt det gåande til butikken kom på slutten av 1950-talet.

Hesjedal står ved isdisken og følgjer med.

– Greier du å gi slepp på butikken no?

– Ja, eg er i kulissane om dei treng meg, men no blir det meir fritid. Dei er særskild lærevillige, energiske og viser mykje entusiasme. Det treng ein for å halde liv i butikken vår og: